

Gebyrregulativ for tekniske tenester i Hemsedal kommune

FORSKRIFT OM GEBYR VEDTEKE AV KOMMUNESTYRET MED HEIMEL I:

- § 33-1 i plan og bygningsloven av 1. juli 2009
- §§ 30, 32 med tilhørende forskrift §§ 16, 17 i lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) av 17. juni 2005 nr 101
- § 7 i lov om eigarseksjonar av 20. mars 1997
- § 11-4 i forskrift av 1. juni 2004 til forureiningsloven om utslepp frå mindre avløpsanlegg (Jf. forureiningsloven § 52 a)

TILLEGG

Forskrift om gebyr for behandling av konsesjonssaker etter lov av 28. nov nr. 2003 om konsesjon ved erverv av fast eiendom og søknader om delingsløyve etter lov om jord av 12. mai 1995 nr. 23 § 12, sjå avsnitt 7, og endra forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- OG DELINGSSAKER AV 14. DES. 2011

Honorar for andre oppgåver som kommunen yter ut over den alminnelege plikta til å rettleie.

Ajournførte satsar for 2021 – Vedteke i Hemsedal kommunestyre, 17/12 – 2020- sak 133/20.

INNHALD

GEBYRREGULATIV FOR TEKNISKE TENESTER I HEMSEDAL KOMMUNE

1 GENERELLE REGLAR

- 1.1 Betalingsplikt
- 1.2 Kva for regulativ skal nyttast
- 1.3 Betalingstidspunkt
- 1.4 Urimelege gebyr
- 1.5 Fritak for gebyr
- 1.6 Klage
- 1.7 Avbrote arbeid
- 1.8 Endring av regulativet eller gebyrsatsane
- 1.9 Gebyr til statlege etatar

2 ATTESTAR O.L., OG TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID

- 2.1 Attestar o.l.

3 GEBYR FOR ARBEID ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA (§ 33-1)

- 3.1 Kart og eigedomsoppgåver kap 2 (§ 2-1)
 - 3.1.1 Situasjonkart
 - 3.1.2 Digitalt kartunderlag
- 3.2 Plansaker (Kap 12 § 12-3)
 - 3.2.1 Planavklaringsmøte (pr. møte)
 - 3.2.2 Privat forslag til detaljregulering (plbl §12-3 , eller endring av gjeldande utbyggings- eller reguleringsplan (plbl §§ 12-14)
 - 3.2.3 Forna søknad
 - 3.2.4 Konsekvensutgreiing (plbl kap 4, § 4-2 og kap.14)
- 3.3 Tiltakssaker (bygge- og anleggssaker)
 - 3.3.1 Førehandskonferanse (plbl § 20-1 a)
 - 3.3.2 Søknader utan krav om ansvarsrett (plbl § 20-4)
 - 3.3.3 Lokal godkjenning av føretak m.v. for ansvarsrett (plbl §§ 23-4,23-5 og 23-6)
 - 3.3.4 Dispensasjon (plbl kap.19 ,§ 19-1)
 - 3.3.5 Søknadspiktig tiltak (plbl § 20-1)
 - 3.3.5.1 Delingssøknad (plbl 20-1 bokstav m)
 - 3.3.5.2 Bustadbygning og fritidsbustad for første bueining:
 - 3.3.5.3 Søknadspiktige småhus (garasje, uthus, annek):
 - 3.3.5.4 Andre bygningar, nybygg og tilbygg:
 - 3.3.5.5 Andre tiltak (plbl § 20-1):
 - 3.3.6 Endringar i høve til gitt løyve eller registrert melding
 - 3.3.7 Handsaming av avvik
 - 3.3.8 Midlertidig bruksløyve
- 3.4 Refusjonssaker (kap. 18)
 - 3.4.1 Planbehandling og refusjonsvedtak (§§ 18-8)
 - 3.4.2 Kostnadskontroll og fastsetjing av kostnadsdelinga (§ 18-9)
- 3.5 Overtredelsesgebyr (straffegebyr) Jf. PBL § 32-8 og §§ 16-1 og 16-2 i byggesaksforskriften.

4 GEBYR FOR ARBEID ETTER MATRIKKELLOVA

- 4.1 Oppretting av matrikkeleining
 - 4.1.1 Oppretting av grunneigedom
 - 4.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn/ frå punktfaste til festegrund eller grunneigedom
 - 4.1.3 Oppmåling av tilleggsareal grunn til eigarseksjon
 - 4.1.4 Oppretting av anleggseigedom
 - 4.1.5 Registrering av jordsameige
 - 4.1.6 Matrikkelføring av ommatrikulering/ innløyising av festegrund
- 4.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning
 - 4.2.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

4.3 Grensejustering

4.3.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

4.3.2 Anleggseigedom

4.4 Arealoverføring

4.4.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

4.4.2 Anleggseigedom

4.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatfesta ved oppmålingsforretning

4.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatfesta / eller klarlegging av rettar

4.7 Privat grenseavtale

4.8 Time pris for medgått tid

4.9 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av ei sak

4.10 Utskriving av matrikkelbrev

4.11 Tidsfrist for gjennomføring av saker

4.12 Betalingsvilkår

5 GEBYR FOR ARBEID ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (§ 7)

5.1 Seksjonering

5.2 Reseksjonering

5.3 Oppheving av seksjonering

5.4 Timesatsar medgått tid for arbeid etter lov om eigarseksjonar

6 GEBYR FOR ARBEID ETTER FORSKRIFT OM UTSLEPP FRÅ MINDRE AVLAUPSANLEGG (§ 11-4)

6.1 Behandling av søknad om løyve

6.2 VA-plan

6.3 Tilsyn med avløpsanlegg

6.4 Timesatsar medgått tid for arbeid etter forureiningsforskrifta, kapittel 12, 13 og 15.

7 FORSKRIFT OM GEBYR FOR BEHANDLING AV KONSESJONS- OG DELINGSSAKER AV 14. DES. 2011

7.1 Søknader om konsesjon og delingsløyve

8 HONORAR FOR ANDRE OPPGÅVER

1 GENERELLE REGLAR

1.1 Betalingsplikt

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid. Saksgebyr skal betalast sjølv om søknaden blir avslått.

Kommunen skal av eige tiltak betale tilbake det rekvirenten måtte ha til gode. Det same gjeld der kommunen ved feil har kravd og motteke for mykje i gebyr.

Gebyr skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato. Ved for sein betaling kan kommunen krevje eit purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purre fleire gonger, skal kommunen i tillegg til purregebyr krevje morarente i samsvar med morarentelova frå forfallsdato.

Det kan ikkje krevjast rentetillegg ved for mykje betalt gebyr.

1.2 Kva for regulativ skal nyttast

Gebyra skal reknast ut etter det regulativet som gjeld den datoen kommunen tok imot ei tilfredsstillande melding, søknad, eller rekvisisjon.

1.3 Betalingstidspunkt

Før kommunen skriv ut bruksløyve eller ferdigattest, skal tilhøyrande gebyr vera betalt. Likeeins skal gebyr etter matrikkellova, aktuelle tinglysingsgebyr og dokumentavgift vera betalt før melding om oppretting av matrikkeleining blir sendt til Statens kartverk - tinglysingen.

For søknadssaker kan kommunen krevje at tilhøyrande gebyr skal vera betalt før saksbehandling tek til. For saker som skal betalast etter medgått tid og utlegg til sakkunnig hjelp, skal kommunen ved forskottsbetaling skrive ut eit førebels gebyr i samsvar med gitt overslag. Når kommunen sitt arbeid er fullført, skal kommunen rekne ut det endelege gebyret og skrive ut tilleggsrekning eller betale attende for mykje betalt gebyr.

Også for andre arbeid kan kommunen krevje at gebyret er betalt før kommunen sitt arbeid tek til. For arbeid som skal betalast etter brukte timeverk, skal kommunen ved krav om førehandsbetaling stipulere gebyret. Til vanleg bør gebyr som skal reknast ut etter brukte timeverk og kommunen sine utlegg til sakkunnig hjelp, bli utskrive i ettertid.

Ved store oppdrag kan kommunen skrive ut rekning på utførte deler av arbeidet, men ikkje oftare enn månadsvis.

Klage på fastsetjinga av eit gebyr eller avgjerd av søknad om heilt eller delvis fritak for å betale gebyr, medfører ikkje forlenga betalingsfrist.

1.4 Urimelege gebyr

Dersom eit gebyr er openbart urimeleg i høve til dei prinsipp som er lagt til grunn, det arbeidet og dei kostnadene kommunen har hatt, kan rådmannen eller den som han/ho gjev fullmakt, av eige tiltak fastsetje eit høveleg gebyr.

Fullmaktshavar kan under same føresetnad og med bakgrunn i grunngitt søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsetje eit redusert gebyr.

1.5 Fritak for gebyr

Når særlege grunnar tilseier det, kan kommunen etter kommunalt fastsette retningsliner heilt eller delvis gje fritak for betaling av gebyr til kommunen i ei konkret sak.

1.6 Klage

Fylkesmannen er klageinstans for enkeltvedtak gjort i medhald av dette regulativet for gebyr etter plan- og bygningslova og forureiningslova. Kommunal klagenemnd er klageinstans for tilsvarende gebyrvedtak etter matrikkel- og eigarseksjonslova.

1.7 Avbrote arbeid

Når ein tiltakshavar/rekvirent er årsak til at kommunen sitt arbeid blir avbrote, skal det betalast gebyr etter pkt. 2.2 i høve til det som er utført eller det som kommunen må utføre.

1.8 Endring av regulativet eller gebyrsatsane

Kommunestyret vedtek endringar av gebyrregulativet, normalt i samband med kommunestyret si behandling av budsjettet for komande år.

Dersom kommunestyret ikkje gjer vedtak om anna regulering av satsane, skal administrasjonen med verknad frå 1. januar kvart år regulere satsane etter utviklinga i konsumprisindeksen frå oktober førre år til oktober siste år. Ved nemnde regulering skal ein avrunde satsar frå kr 50 og oppover til heile 10 kroner.

1.9 Gebyr til statlege etatar

Der kommunen skal krevje inn gebyr til statlege etatar for saker etter dette regulativet, skal utskrivning og innkrevjing av kommunale og statlege gebyr skje samordna.

2 ATTESTAR O.L., OG TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID

2.1 Attestar o.l.

For attestar o.l., som kommunen kan krevje gebyr for i medhald av plan- og bygningslova og som ikkje er spesifisert i regulativet for den einkilde lova, er gebyret:

		2021	2020	Endring i %
2.1 a)	For registerutskrift, ekstra protokollutskrift, for attest o.l. der alle relevante opplysningar er tilgjengelege ved kontoret	kr 660	kr 660	0,0 %
2.1 b)	For attest m.v. som krev synfaring eller skriftleg innhenting av data	kr 3 620	kr 3 620	0,0 %
2.1 c)	For register- eller protokollutskrift og attest som krev meir enn eit halvt timeverk, kan kommunen krevja gebyr etter medgått tid og satsar i pkt. 2.1.	kr 0	kr 0	
2.1 d)	Timepris - kontorarbeid	kr 1 280	kr 1 280	0,0 %
2.1 e)	Timepris - feltarbeid (einskildperson)	kr 1 670	kr 1 670	0,0 %

3 GEBYR FOR ARBEID ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA (§ 33-1)

3.1 Kart og eigedomsoppgåver kap 2 (§ 2-1)

3.1.1 Situasjonsskart

Det skal ikkje tas gebyr for kopier til søknader etter regulativets pkt. 3.3 og 3.3.5

		2021	2020	Endring i %
3.1.1	Situasjonsskart - datert og signert kartutsnitt i A4 – A0 i samsvar med gjeldande standard og bestilling, som tilfredstiller krav til prosjektering og søknad om byggetiltak. Vedlagt følgjer nabooversikt og utsnitt av gjeldande reguleringskart og føresegner.	kr 190	kr 185	2,7 %

3.1.2 Digitalt kartunderlag

Pris på digitale kartdata er regulert gjennom Geovekst-samarbeidet og administrert av Statens kartverk. Det er datautvalget, arealet og antall bygninger for valgt område som er grunnlaget for fastsetting av pris.

		2021	2020	Endring i %
3.1.2 a)	Forenkla situasjonsskart - datert og signert kartutsnitt i A4 – A0 i samsvar med gjeldande standard og bestilling, som tilfredstiller krav til prosjektering og søknad om byggetiltak. Vedlagt følgjer nabooversikt.	kr 470	kr 465	1,1 %
3.1.2 b)	Pris på digitale kartdata er regulert gjennom Geovekst-samarbeidet og administrert av Statens kartverk. Det er datautvalget, arealet og antall bygninger for valgt område som er grunnlaget for fastsetting av pris. Minstepris.	kr 470	kr 465	1,1 %

For prisoverslag: kontakt Oppmåling.

3.2 Plansaker (Kap 12 § 12-3)

3.2.1 Planavklaringsmøte (pr. møte)

		2021	2020	Endring i %
3.2.1 a)	Planavklaringsmøte - oppstartmøte med representantar frå administrasjonen	kr 8 240	kr 8 240	0,0 %

3.2.2 Privat forslag til detaljregulering (plbl §12-3 , eller endring av gjeldande utbyggings- eller reguleringsplan (plbl §§ 12-14)

Basisgebyret for handsaming av nye planer fram til 1. gongs handsaming:

		2021	2020	Endring i %
3.2.2 a)	Gebyr handsaming enkel plan - I samsvar med overordna plan - Kurrante analysebehov og utgreiingar - Kurrante interesser i høve til offentlege, nabo og private interesser	kr 77 000	kr 77 000	0,0 %
3.2.2 b)	Gebyr handsaming samansett plan - Planer som ikkje er i samsvar med overordna plan, og/eller utan behov for utgreiingar, mange partar, større områder - I samsvar med overordna plan, men med behov for utgreiingar f.eks. skred, flaum, trafikk etc. - Avklaring i høve til offentlege, nabo- eller private interesser	kr 101 000	kr 101 000	0,0 %
3.2.2 c)	Gebyr handsaming komplisert plan - Manga partar, store planområder - Samansatte arealavklaringar/konfliktar	kr 130 000	kr 130 000	0,0 %
3.2.2 d)	Planavklaring etter PBL § 12-8	kr 13 840	kr 13 840	0,0 %
3.2.2 e)	Mindre reguleringsendring	kr 20 600	kr 20 600	0,0 %
3.2.2 f)	Oppstartsmøte - detaljreguleringsplan §12-3	kr 8 240	kr 8 240	0,0 %

Basisgebyret er eit fast gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med ein søknad som er fullstendig frå søkjar si side, fram til saka er ei "offentleg" plansak – 1. gangs handsaming. Basisgebyret inneheld og dekking av eksterne utgifter til planmaterieil for kunngjering av endeleg plan.

Dersom kommunen avtaler at private planførestillare utarbeidar områdereguleringsplanar vert gebyr vurdert etter same satsar som i pkt. 3.2.2.

3.2.3 Fornyta søknad

Dersom det innan eitt år blir innsendt fornyta søknad for plan som er nekta fremja, skal det betalast halvt basisgebyr (jfr. pkt. 3.2.2).

3.2.4 Konsekvensutgreiing (plbl kap 4, § 4-2 og kap. 14)

Der kommunen skal godkjenne konsekvensutgreiing utført på vegne av tiltakshavar, skal det betalast gebyr etter medgått tid (pkt. 2.2) og for utlegg som kommunen måtte ha hatt til sakkunnig hjelp.

		2021	2020	Endring i %
3.2.4	Der kommunen skal godkjenne konsekvensutgreiing utført på vegne av tiltakshavar, skal det betalast gebyr etter medgått tid (pkt. 2.2) og for utlegg som kommunen måtte ha hatt til sakkunnig hjelp. Minstegebyr for kvart utgreidd tilhøve (jf. tabell I og II i forskrifta)	kr 6 220	kr 6 220	0,0 %

3.3 Tiltakssaker (bygge- og anleggssaker)

Der melding eller søknad er mangelfull og krev meirarbeid skal gebyr aukast med 20%. Dvs. saker der kommunen må be om tilleggskostnader og/eller må på synfaring. Dette gjeld òg saker der estetikk er dårleg dokumentert.

3.3.1 Førehandskonferanse (plbl § 20-1 a)

		2021	2020	Endring i %
3.3.1 a)	Førehandskonferanse (plbl § 20-1 a) - søknadssak – middels tung sak (tiltaksklasse 2):	kr 1 530	kr 1 530	0,0 %
3.3.1 b)	Førehandskonferanse (plbl § 20-1a) - søknadssak – komplisert sak (tiltaksklasse 3):	kr 2 350	kr 2 350	0,0 %

3.3.2 Søknader utan krav om ansvarsrett (plbl § 20-4)

		2021	2020	Endring i %
3.3.2 a)	Søknader utan krav om ansvarsrett- sak som krev oppdatering av offentleg kart eller register:	kr 5 680	kr 5 680	0,0 %
3.3.2 b)	Landbruksbygg over 250 kvm	kr 8 770	kr 8 770	0,0 %
3.3.2 c)	Mindre byggearbeid på bebygde eigedommar 0-15 kvm)	kr 3 520	kr 3 520	0,0 %

3.3.3 Lokal godkjenning av føretak m.v. for ansvarsrett (plbl §§ 23-4,23-5 og 23-6)

For behandling av ein søknad:

		2021	2020	Endring i %
3.3.3 a)	Lokal godkjenning av foretak m.v. for ansvarsrett (plbl §§ 23-4, 23-5 og 23-6) - 1. gangs godkjenning samt utviding av godkjenningsområde	kr 2 730	kr 2 730	0,0 %
3.3.3 b)	Lokal godkjenning av foretak m.v. for ansvarsrett (plbl §§ 23-4, 23-5 og 23-6) - godkjenning av føretak som har sentral godkjenning	kr 370	kr 370	0,0 %

3.3.4 Dispensasjon (plbl kap. 19 , § 19-1)

For handsaming av søknad om dispensasjon:

		2021	2020	Endring i %
3.3.4 a)	Dispensasjon (plbl kap. 19, § 19-1) - Dispensasjon frå kommuneplan, reguleringsplan, utbyggingsplan eller føresegner i plan- og bygningslova i saker som skal på ekstern høyring. Gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til saksgebyr.	kr 19 100	kr 19 100	0,0 %
3.3.4 b)	Dispensasjon (plbl kap. 19, § 19-1) - Dispensasjon i saker som ikkje skal på ekstern høyring. Gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til saksgebyr.	kr 14 330	kr 14 330	0,0 %
3.3.4 c)	Dispensasjon (pbl kap.19, §19-1) - Kurrante dispensasjoner i byggesakshandsaming.	kr 3 720	kr 3 720	0,0 %

3.3.5 Søknadspliktig tiltak (plbl § 20-1)

Opprekninga av tiltak under 3.3.5 er ikkje uttømmende. Kommunen fastset i alle søknadssaker kva punkt i regulativet gebyret skal reknast ut etter.

Faste gebyr føreset at søknaden er i samsvar med førehandsgodkjende tekniske løysingar. Der dette ikkje er tilfelle, skal gebyra reknast ut etter medgått tid og kommunen sine utlegg til fagkunnig hjelp. I desse sakene skal fastgebyret vera minstegebyr.

Saksgebyr for konstruksjon, anlegg og vesentlege terrenginngrep, som er ein integrert del av ein byggesøknad, er medrekna i saksgebyret.

3.3.5.1 Delingssøknad (plbl 20-1 bokstav m)

For søknad som er samordna med annan tiltakssøknad, f.eks. byggesøknad, skal gebyret vera 75% av satsane nedanfor.

Søknad i:

		2021	2020	Endring i %
3.3.5.1 a)	Delingssøknad i samsvar med grenser fastsett i godkjent regulerings- eller utbyggingsplan	kr 1 350	kr 1 350	0,0 %
3.3.5.1 b)	Delingssøknad i uregulerte områder eller der grenser ikkje er fastsett i plan	kr 2 760	kr 2 760	0,0 %

For søknad til føremål som ikkje er i tråd med plan og som skal handsamast som dispensasjon skal det betalast gebyr etter pkt. 3.3.4.

3.3.5.2 Bustadbygning og fritidsbustad for første bueining:

Det skal ikke tas gebyr for kopier til søknader etter regulativets pkt. 3.3 og 3.3.5

		2021	2020	Endring i %
3.3.5.2 a)	Bustadbygning og fritidsbustad for første bueining - nybygg bustad	kr 13 950	kr 13 950	0,0 %
3.3.5.2 b)	Bustadbygning og fritidsbustad for første bueining - nybygg fritidsbustad	kr 17 290	kr 17 290	0,0 %
3.3.5.2 c)	Bustadbygging og fritidsbustad for første bueining - tilbygg over 50 kvm	kr 7 740	kr 7 740	0,0 %
3.3.5.2 d)	Bustadbygging og fritidsbustad for første bueining - tilbygg under 50 kvm	kr 6 200	kr 6 200	0,0 %
3.3.5.2 e)	Nybygg fritidsbustad over 250 kvm	kr 22 700	kr 22 700	0,0 %

Der bygningen har fleire bueiningar skal det betalast følgjande tillegg per eining:

- Bueining nr. 2 til og med nr 5: 30 % av satsane i tabellen.
- Frå og med bueining nr. 6 og for hybel : 15 % av satsane i tabellen.

3.3.5.3 Søknadsppliktige småhus (garasje, uthus, anneks):

		2021	2020	Endring i %
3.3.5.3 a)	Søknadsppliktige småhus (garasje, uthus, anneks) - nybygg	kr 6 800	kr 6 800	0,0 %
3.3.5.3 b)	Søknadsppliktige småhus (garasje, uthus, anneks) - tilbygg	kr 6 180	kr 6 180	0,0 %

3.3.5.4 Andre bygningar, nybygg og tilbygg:

		2021	2020	Endring i %
3.3.5.4 a)	Andre bygningar, nybygg og tilbygg - BRA inntil 100 m2:	kr 10 280	kr 10 280	0,0 %
3.3.5.4 b)	Andre bygningar, nybygg og tilbygg - tillegg pr. påbyrja 100 m2 BRA	kr 2 730	kr 2 730	0,0 %

3.3.5.5 Andre tiltak (plbl § 20-1):

		2021	2020	Endring i %
3.3.5.5 a)	Mellombels/transportabel: bygning eller konstruksjon (plbl § 20-1 bokstav a)	kr 3 450	kr 3 450	0,0 %
3.3.5.5 b)	Fasadeendring m.v. (plbl § 20-1 bokstav b) og c)	kr 3 450	kr 3 450	0,0 %
3.3.5.5 c)	Bruksendring m.v. (plbl § 20-1 bokstav d)	kr 3 450	kr 3 450	0,0 %
3.3.5.5 d)	Riving av bygning, konstruksjon eller anlegg (plbl § 20-1 bokstav e)	kr 3 450	kr 3 450	0,0 %
3.3.5.5 e)	Oppdeling eller samanslåing av brukseining (plbl § 20-1 bokstav g)	kr 3 450	kr 3 450	0,0 %
3.3.5.5 f)	Innhegning mot veg, skilt eller reklameinnretn. (plbl § 20-1 bokstav h) og i)	kr 1 280	kr 1 280	0,0 %
3.3.5.5 g)	Vesentlege terrenginngrep, veg/p-plass (plbl § 20-1 bokstav k). Minstegebyr	kr 3 450	kr 3 450	0,0 %
3.3.5.5 h)	For bygg og tiltak etter plan og bygningslova, som ikkje fell inn under punkta 3.3.5.5 punkta a-g, skal gebyr fastsetjast etter medgått tid (pkt. 2.1) og for utlegg til fagkunnig hjelp. Minstegebyr: 1 time	kr 1 280	kr 1 280	0,0 %
3.3.5.5 i)	Bygging av veg til enkelttomt	kr 3 450	kr 3 450	0,0 %
3.3.5.5 j)	Bygging av veg til hyttefelt	kr 11 670	kr 11 670	0,0 %

3.3.6 Endringer i høve til gitt løyve eller registrert melding

		2021	2020	Endring i %
3.3.6	Endringer i høve til gjeve løyve eller registrert melding - for endringsforslag skal det betalast gebyr etter medgått tid (pkt. 2.1). Minstegebyr 1 time	kr 1 280	kr 1 280	0,0 %

3.3.7 Handsaming av avvik

		2021	2020	Endring i %
3.3.7	Handsaming av avvik	kr 3 450	kr 3 450	0,0 %

3.3.8 Midlertidig bruksløyve

		2021	2020	Endring i %
3.3.8 a)	Midlertidig bruksløyve - søknad om midlertidig bruksløyve og søknad om forlenging av dette	kr 1 280	kr 1 280	0,0 %
3.3.8 b)	Midlertidig bruksløyve - purregebyr for ferdigattest på bakgrunn av midlertidig bruksløyve	kr 1 280	kr 1 280	0,0 %

3.4 Refusjonssaker (kap. 18)

3.4.1 Planbehandling og refusjonsvedtak (§§ 18-8)

		2021	2020	Endring i %
3.4.1	Planbehandling og refusjonsvedtak (§ 18-8) - gebyr i høve til medgått tid (pkt. 2.1) og utgifter til fagkunnig hjelp. Minstegebyr	kr 5 470	kr 5 470	0,0 %

3.4.2 Kostnadskontroll og fastsetjing av kostnadsdelinga (§ 18-9)

		2021	2020	Endring i %
3.4.2	Gebyr i høve til medgått tid (pkt. 2.1) og utgifter til fagkunnig hjelp. Minstegebyr	kr 5 470	kr 5 470	0,0 %

Kommunen kan nekte å starte arbeid etter 3.4.2 til gebyr for arbeida som inngår i 3.4.1 og minstegebyret etter 3.4.2 er betalt. For gebyr som overstig minstegebyret, kan kommunen krevja betaling etter kvar avslutta etappe i saksbehandlinga.

3.5 Overtredelsesgebyr (straffegebyr) Jf. PBL § 32-8 og §§ 16-1 og 16-2 i byggesaksforskriften.

Foretak kan ilegges overtredelsesgebyr inntil angitte beløpsgrenser for forsettlege eller uaktsomme overtredelser som nevnt i bokstav a til g. Privatpersoner kan ilegges overtredelsesgebyr inntil halvparten av angitte beløpsgrenser for forsettlege eller uaktsomme overtredelser som nevnt i bokstav a til g. Det vert vist til gebyrsatsar heimla direkte i lova.

4 GEBYR FOR ARBEID ETTER MATRIKKELLOVA

Gebyr for arbeid etter matrikkellova (Lovas § 32, forskriftene § 16) vert fastsett som følgjer:

4.1 Oppretting av matrikkeleining

4.1.1 Oppretting av grunneigedom

		2021	2020	Endring i %
4.1.1 a)	Oppretting av grunneigedom, areal frå 0 - 250 m2	kr 5 600	kr 5 600	0,0 %
4.1.1 b)	Oppretting av grunneigedom, areal frå 251 - 500 m2	kr 11 210	kr 11 210	0,0 %
4.1.1 c)	Oppretting av grunneigedom, areal frå 501 - 2000 m2	kr 16 810	kr 16 810	0,0 %
4.1.1 d)	Oppretting av grunneigedom, areal frå 2001 m2 - auke pr. påbegynte dekar	kr 1 170	kr 1 170	0,0 %
4.1.1 e)	Oppretting av grunneigedom der grenser tidlegare er fastsett/oppmålt	kr 2 980	kr 2 980	0,0 %

Ved frådeling av 5 eller fleire parsellar i same forretning og som er omfatta av same reguleringsplan, skal det betalast 80 % av gebyr 4.1.1.c per parsell frå fyrste parsell. Der det klart er urimeleg, skal det likevel ved areal i uregulert område kunne betalast etter medgått tid.

- Bueining nr. 2 til og med nr 5: 30 % av satsane i tabellen.

- Frå og med bueining nr. 6 og for hybel : 15 % av satsane i tabellen.

4.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn/ frå punktfaste til festegrund eller grunneigedom

		2021	2020	Endring i %
4.1.2 a)	Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn areal frå 0 - 250 m2	kr 8 320	kr 8 320	0,0 %
4.1.2 b)	Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn areal frå 251 - 500 m2	kr 13 320	kr 13 320	0,0 %
4.1.2 c)	Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn areal frå 501 - 2000 m2	kr 19 930	kr 19 930	0,0 %
4.1.2 d)	Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn areal frå 2001 m2 - auke pr. påbegynnte dekar	kr 1 170	kr 1 170	0,0 %

4.1.3 Oppmåling av tilleggsareal grunn til eigarseksjon

Gebyr for oppmåling av tilleggsareal grunn pr sak

		2021	2020	Endring i %
4.1.3 a)	Gebyr for oppmåling av tilleggsareal grunn pr. sak areal frå 0 - 50 m2	kr 8 320	kr 8 320	0,0 %
4.1.3 b)	Gebyr for oppmåling av tilleggsareal grunn pr. sak areal frå 51 - 250 m2	kr 9 980	kr 9 980	0,0 %
4.1.3 c)	Gebyr for oppmåling av tilleggsareal grunn pr. sak areal frå 251 - 2000 m2	kr 11 630	kr 11 630	0,0 %
4.1.3 d)	Gebyr for oppmåling av tilleggsareal grunn pr. sak areal frå 2001 m2 - auke pr. påbegynt dekar	kr 830	kr 830	0,0 %

4.1.4 Oppretting av anleggseigedom

Gebyr som for oppretting av grunneigedom.

		2021	2020	Endring i %
4.1.4 a)	Volum frå 0- 2000 kbm	kr 8 320	kr 8 320	0,0 %
4.1.4 b)	Volum frå 2001 kbm – auke pr. påbegynt 1000 kbm	kr 1 670	kr 1 670	0,0 %

4.1.5 Registrering av jordsameige

		2021	2020	Endring i %
4.1.5.	Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid	kr 1 670	kr 1 670	0,0 %

4.1.6 Matrikkelføring av ommatrikkulering/ innløsning av festegrunn

		2021	2020	Endring i %
4.1.6.	Matrikkelføring av ommatrikkel/ innløsning av festegrunn	kr 2 980	kr 2 980	0,0 %

4.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

		2021	2020	Endring i %
4.2.	Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning	kr 2 980	kr 2 980	0,0 %

4.2.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Det skal fakturerast 1/3 av gebyrsatsane etter punkt 4, dersom saka vert trekt før den er gjort ferdig eller at saka vert avvist eller at saka ikkje kan matrikkelførast på grunn av endringar i heimelsforhold eller av andre grunnar ikkje kan gjerast ferdig.

4.3 Grensejustering

4.3.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av eigedomen sitt areal. Maksimalgrensa er sett til 500 m². Det kan ikkje fradelast areal frå ein eigedom som i sum overstig 20% av eigedomen sitt areal før justeringa. For grensejustering til veg- eller jernbaneformål kan andre arealklassar gjelde.

		2021	2020	Endring i %
4.3.1 a)	Grensejustering. Grunneigedom, festegrunn, jordsameige. Areal frå 0 - 75 m ²	kr 1 120	kr 1 120	0,0 %
4.3.1 b)	Grensejustering. Grunneigedom, festegrunn, jordsameige. Areal frå 76 - 250 m ²	kr 4 860	kr 4 860	0,0 %
4.3.1 c)	Grensejustering. Grunneigedom, festegrunn, jordsameige. Areal frå 251 - 500 m ²	kr 8 090	kr 8 090	0,0 %

4.3.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av anleggseigedommen sitt volum, den maksimale grensa er satt til 1000 m³

		2021	2020	Endring i %
4.3.2 a)	Grensejustering. Anleggseigedom, justert volum frå 0 - 250 m ³	kr 5 010	kr 5 010	0,0 %
4.3.2 b)	Grensejustering. Anleggseigedom, justert volum frå 251 - 1000 m ³	kr 8 320	kr 8 320	0,0 %

4.4 Arealoverføring

4.4.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Ved arealoverføring skal det gjennomførast oppmålingsforretning og tinglysing. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneformål.

		2021	2020	Endring i %
4.4.1 a)	Arealoverføring. Grunneigedom, festegrunn og jordsameige. Areal frå 0 - 250 m ²	kr 16 620	kr 16 620	0,0 %
4.4.1 b)	Arealoverføring. Grunneigedom, festegrunn og jordsameige. Areal frå 251 - 500 m ²	kr 19 930	kr 19 930	0,0 %
4.4.1 c)	Arealoverføring pr. nytt påbegynt 500 m ² fører med seg auke av gebyr	kr 5 010	kr 5 010	0,0 %

4.4.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna, - ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanslåing er til stades. Matrikkeleininga skal utgjera eit samanhengande volum.

		2021	2020	Endring i %
4.4.2 a)	Arealoverføring, anleggseigedom volum frå 0 - 250 m ³	kr 16 620	kr 16 620	0,0 %
4.4.2 b)	Arealoverføring, anleggseigedom volum frå 251 - 500 m ³	kr 19 930	kr 19 930	0,0 %
4.4.2 c)	Volumoverføring pr. nytt påbegynt 500 m ³ medfører ei auke av gebyret	kr 5 010	kr 5 010	0,0 %

4.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatfesta ved oppmålingsforretning

		2021	2020	Endring i %
4.5 a)	For inntil første punkt	kr 1 150	kr 1 150	0,0 %
4.5 b)	For overskytande grensepunkter, pr. pkt.	kr 810	kr 810	0,0 %

4.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatfesta / eller klarlegging av rettar

		2021	2020	Endring i %
4.6 a)	Klarlegging av eksisterande grense for matrikkeleining der grensa ikkje tidlegare er koordinatfesta / eller klarlegging av rettar. Gebyr pr påvist eller rekonstruert punkt. Ved kompliserte grenseforhold vert gebyr rekna etter medgått tid jfr. satsar i pkt. 2.1.	kr 1 670	kr 1 670	0,0 %
4.6 b)	Kartlegging av retter vert fakturert etter medgått tid ref. pkt. 2.1.	kr 0	kr 0	

4.7 Privat grenseavtale

		2021	2020	Endring i %
4.7.	Privat grenseavtale, gebyr vert fastsett etter medgått tid, minstesats	kr 1 670	kr 1 670	0,0 %

4.8 Time pris for medgått tid

Timepris for medgått tid blir utrekna etter følgjande satsar:

		2021	2020	Endring i %
4.8 a)	Timepris for medgått tid, feltarbeid	kr 1 670	kr 1 670	0,0 %
4.8 b)	Timepris for medgått tid, kontorarbeid	kr 1 280	kr 1 280	0,0 %

4.9 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av ei sak

Dersom rekvirenten under saksbehandlinga gjer endringar i grunnlaget for matrikkelføringa av saka, vert gebyret likevel oppretthalde.

4.10 Utskriving av matrikkelbrev

		2021	2020	Endring i %
4.10 a)	Utskriving av matrikkelbrev inntil 10 sider	kr 320	kr 320	0,0 %
4.10 b)	Utskriving av matrikkelbrev over 10 sider	kr 610	kr 610	0,0 %

Endring i maksimalsatsane vert regulert av Statens kartverk i takt med den årlige kostnadsutviklinga.

4.11 Tidsfrist for gjennomføring av saker

Dersom kommunen ikkje held fristen for oppmålingsforretning eller matrikkel føring, skal gebyret avkortast etter reglane i §§ 18 og 19 i forskrift om eigedomsregistrering. Avkorting av gebyr gjeld ikkje for utskrivning av matrikelbrev, jamfør 4. ledd. Dersom kommunen krev forskotsbetaling, skal avkorta gebyr tilbakebetalast så snart fristane er utgått. Fristane gjeld ikkje i perioden 1. oktober til 1. mai i Hemsedal kommune. I dei delar av kommunen kor nødvendig tilkomstveg er vinterstengt etter 1. mai, tek ikkje tidsfristen til å gjelde før vegen er åpna etter vinterstegning.

4.12 Betalingsvilkår

Betaling skjer etter det regulativ som gjelder på rekvisisjonstidspunktet. Dersom den som rekvirerer ynskjer å utsetje oppmålingsforretninga, vert gebyret rekna etter satsane det året oppmålinga blir gjort.

Gebyrsatsane inkluderer kjøregodgjering og administrasjonsutgifter, mellom anna utskrift av grunnbok frå Norges Eiendommer.

Tinglysingsgebyr og eventuell dokumentavgift etter gjeldande sats vert lagt til gebyret.

Meirverdiavgift vert ikkje rekna ved oppkrevjing av gebyr jamfør skattedirektørens rundskriv av 6. mars 1970 til skatteinspektørane.

Gebyrregulativet vert indeksregulert kvart år, med unntak av gebyr som vert regulert av Statens kartverk.

5 GEBYR FOR ARBEID ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (§ 7)

5.1 Seksjonering

		2021	2020	Endring i %
5.1 a)	Seksjonering - inntil 2-4 seksjoner	kr 8 200	kr 8 200	0,0 %
5.1 b)	Seksjonering 5-10 seksjoner	kr 10 300	kr 10 300	0,0 %
5.1 c)	Fra seksjon 11 blir det ettillegg pr seksjon	kr 270	kr 270	0,0 %

5.2 Reseksjonering

		2021	2020	Endring i %
5.2 a)	Reseksjonering inntil 4 seksjoner	kr 8 200	kr 8 200	0,0 %
5.2 b)	Reseksjonering 5-10 seksjoner	kr 10 300	kr 10 300	0,0 %
5.2 c)	Fra seksjon 11 blir det tillegg pr. seksjon	kr 270	kr 270	0,0 %

5.3 Oppheving av seksjonering

		2021	2020	Endring i %
5.3	Oppheving av seksjonering - melding om oppheving av seksjonering	kr 5 150	kr 5 150	0,0 %

5.4 Timesatsar medgått tid for arbeid etter lov om eigarseksjonar

		2021	2020	Endring i %
5.4 a)	Feltarbeid eks. mva	kr 1 670	kr 1 670	0,0 %
5.4 b)	Kontorarbeid eks. mva	kr 1 280	kr 1 280	0,0 %

6 GEBYR FOR ARBEID ETTER FORSKRIFT OM UTSLEPP FRÅ MINDRE AVLAUPSANLEGG (§ 11-4)

6.1 Behandling av søknad om løyve

Det skal betalast gebyr per utslepp etter følgjande satsar:

		2021	2020	Endring i %
6.1 a)	Behandling av utsleppssøknad der utsleppet er kalkulert til <50 pe (kap. 12)	kr 8 220	kr 8 000	2,8 %
6.1 b)	Behandling av utsleppssøknad der utsleppet er kalkulert til mellom 50 og 2000 pe (kap. 13)		kr 25 000	2,7 %

Gebyr for saksbehandling av anlegg mellom 50-2000 pe vert prisa etter medgått tid frå og med 2021

6.2 VA-plan

For arbeid med behandling av VA-planar skal det belastast gebyr etter medgått tid.

6.3 Tilsyn med avløpsanlegg

		2021	2020	Endring i %
6.3 a)	Tilsyn med små avløpsanlegg <50pe, kap. 12, pris årlig	kr 500	kr 250	100,0 %
6.3 b)	Tilsyn med større avløpsanlegg 50-2000pe, kap. 13, faktureres etter medgått tid	kr 0	kr 0	
6.3 c)	Tilsyn med oljeutskillere faktureres etter medgått tid	kr 0	kr 0	

6.4 Timesatsar medgått tid for arbeid etter forureiningsforskrifta, kapittel 12, 13 og 15.

		2021	2020	Endring i %
6.4 a)	Timesats kontor	kr 920	kr 900	2,2 %
6.4 b)	Timesats felt	kr 1 130	kr 1 100	2,7 %

7 FORSKRIFT OM GEBYR FOR BEHANDLING AV KONSESJONS- OG DELINGSSAKER AV 14. DES. 2011

Kommunen skal krevja gebyr etter reglane i forskrifta for følgjande saker:

- Søknader om konsesjon (ervervsløyve) etter lov av 28. nov. 2003 nr. 98 om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonsloven) mv §§2 og 3.
- Søknader om delingsløyve etter lov om jord (jordloven) av 12. mai 1995 nr. 23 § 12.

Kommentar:

Det betales et gebyr på kr. 5.000,- for behandling av konsesjonssaker og kr. 2000,- for behandling av delings saker etter jordlova.

Dersom gebyret openbert er urimeleg i høve til prinsipp om sjølvkost, kan rådmannen eller den som han/ho gjev fullmakt til, av eige tiltak fastsetje eit høveleg gebyr, jfr. kommunal gebyrforskrift pkt. 1.4.

For øvrig gjeld forskrifta vedteke av Statens Landbruksforvaltning av 14. desember 2011.

7.1 Søknader om konsesjon og delingsløyve

		2021	2020	Endring i %
7.1 a)	Søknader om konsesjon (ervervsløyve) etter lov av 28. nov. 2003 nr. 98 om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonsloven) mv §§2 og 3	kr 5 000	kr 5 000	0,0 %
7.1 b)	Søknader om delingsløyve etter lov om jord (jordloven) av 12. mai 1995 nr. 23 § 12	kr 2 000	kr 2 000	0,0 %

8 HONORAR FOR ANDRE OPPGÅVER

		2021	2020	Endring i %
8.1 a)	Honorar for informasjonsoppgåver til eigedomsmeklarar - fullstendig eigedomsoppgåve	kr 3 920	kr 3 920	0,0 %

For at kommunen skal ta honorar føreset det at det er svart innan 14 dagar etter at kommunen har mottatt oppdraget, og det må vere stilt krav om informasjon som går ut over den allminelege rettleiingsplikta til kommunen etter § 11 fyrste leidd i forvaltningslova.

		2021	2020	Endring i %
8.1 b)	Gebyr adressenummerskilt inkl. mva	kr 160	kr 160	0,0 %

		2021	2020	Endring i %
Tinglysing	Tinglysingsgebyr (justert 01.01.2014) - ligger fast, eller vert justert sentralt – sjå Statens Kartverk for eventuell justering	kr 525	kr 525	0,0 %